

Klara Sloth-Fjordside

Alle kvinners blad, diskursar rundt seksualitet

1950-1970

Fordjupningsoppgåve i Lektorutdanning i historie for 8-13 trinn
Rettleiar: Monica Miscali

Mai 2024

Klara Sloth-Fjordside

Alle kvinners blad, diskursar rundt seksualitet

1950-1970

Fordjupningsoppgåve i Lektorutdanning i historie for 8-13 trinn
Rettleiar: Monica Miscali
Mai 2024

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet
Institutt for historiske studiar



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Innhald

Innhald.....	0
Samandrag	1
Abstract.....	1
1. Innleiing	1
1.1 Problemstilling	4
1.2 Kvifor er dette viktig å forske på?	4
2. Metode	5
2.1 Henting av materiale	5
2.2 Metodebruk i oppgåva.....	5
2. 3 Avgrensingar med metoden.....	6
3 Teoridel.....	7
3. 1 Tidlegare forsking.....	7
3. 2 Historisk kontekst – Den seksuelle revolusjonen	8
3. 3 Teoretisk rammeverk.....	11
3. 3. 1 Kvinnenes seksualitet i endring	11
3. 3. 2 Kva er seksualitet	12
3. 3. 3 Kjønnsroller i utvikling	13
4 Analyse	14
4. 1. Bladast innhald	14
4. 2 Orgasme.....	14
4. 3 Forskjell mellom mann og kvinne	17
4. 3. 1 Forskjell i språkbruken mellom menn og kvinner.....	19
4. 4 Utruskap	21
4. 4. 1. P-pilla – moral og utruskap	23
5. Diskusjon	24
5. 1 Fortolking av funn.....	24
6. Konklusjon	26
7. Kjeldeliste	27

Samandrag

Denne oppgåva analysera husmorsmagasinet *Alle kvinners blad* ved å ta i bruk ein diskursanalyse samt komparativ metode. Målet med denne analysen var å sjå korleis bladet snakka rundt sex. Etter å ha samanlikna blad frå 50-talet og 70-talet konkluderte ein med at endringa i tidsperioden var liten, men merkbar. I perioden var det eit skift i maktstrukturane mellom kjønna som der igjen førte til eit skifte i diskursane. Seksualhistoria er eit relativt nytt og lite forskingsfelt, også i dag. Dette gjelder og for Noreg.

Abstract

This thesis analysis the woman magazine *Alle kvinners blad* by using discourse analysis and comparative methods. The goal of the analysis was to look at how the magazines talked about sex. After comparing magazines from the 50s and the 70s it was concluded that the change in this period of time was quite small, yet noticeable. In this extended period there has been a shift in the power structure between the genders, as well as a shift in the discourse. The history of sex is a new research area and is still not a big area of research today. A fact that is also true for Norwegian research.

1. Innleiing

Det er mange ting som yngre generasjon lett kan ta for gitt. Slik som retten til sjølvbestemt abort, at valdtekts er ulovleg (og kan førekommme i ekteskapet), og prevensjon. Alt dette kan vi takke kvinnekampen på 60 og 70-talet for. Den første bølga av feminism kom på slutten av 1800-talet. Utrykket bølgar blir ofte brukt for den feministiske utviklinga der ein har periodar med store framsteg og forandringer i samfunnet. Den første bølga vart satt i gang med spørsmålet om det at kvinner var underordna menn var ein ulykke eller ein god ting for kvinne.¹ Med denne bølga fekk kvinner rett til å stemme, bli valt som politiske representant, ta høgare utdanning og kunne eige og drive næring. I etterkant av denne bølga var det lagt stor press på å returnere til dei tradisjonelle rollane der kvenna skulle vere heime og mannen skulle ut å forsørge. Perioden frå 1900-1960 har i ettertid blitt kalt husmorsperioden.² Grunnen til

¹ Danielsen et al., 2015, s. 76-77

² Melby, s. 260

dette var at kvinnene no vart definert som husmødrer.³ Men også fordi det verken før eller sida har det vert så stor del av befolkninga som har vrt husmødrer her i landet.⁴

Denne perioden var ein viktig forløpar for den andre bølga som oppstod på 60-talet. Den bidrog til at det var mogleg for fleire kvinner å komme inn i politikken, som igjen hadde ein betydeleg påverking.⁵ Med dette gjorde dei det som før hadde vrt private tema til politisk tematikk. Rørsla var ei sosial rørsle av vanlege folk. Identiteten som kvinne skulle danne sjølve utgangspunktet for bevegelsen. Dei skulle nemleg ta kampen i eigne hender. Tanken om likestillinga i dette tiåret omhandla kvinnas moglegheit til å vere økonomisk sjølvstendig via lønnsarbeid. For då vart individet mindre avhengig av familien.⁶ I tillegg til dette var dei viktigaste tinga i kvinnekampen på 70-talet økonomisk sjølvstendigheit, retten til fri abort og seksuell frigjering.⁷ Denne kampen var viktig då tilgangen til prevensjon og retten til abort gjorde at kvinner vart friare seksuelt.⁸ Samt større moglegheit til å planlegge familielivet betre etter eiga ønske. Dette igjen gjorde at dei var mindre knytt til familien som igjen gjorde ho mindre knyta til mannen.⁹

Kvinnebevegelsen sprette seg til store delar av vesten i løpet av 60-talet. Deriblant også Noreg. Takk vane denne kampen vart ein rekke lover satt inn for å fremme likestilling.¹⁰ Dette vart gjord ved å ha jamnare utdanning, ni års skulegang, og handarbeida for begge kjøn.¹¹ Staten skulle ta meir ansvar for familiens velferd.¹² Dette gjorde dei ved blant anna barnetrygd, husstellsopplæring. Tilrettelegginga la framleis for at kvinnene skulle vere i heimen.¹³ Dei kravde endringar i kjønnsrelasjonane både i familien og i samfunnet.¹⁴ Aukinga av skilsmisser understrekte ytterlegare at kvinner trengte moglegheita for å forsørge seg sjølv og familien sin. Likevel var denne utviklinga vart sett på som ein trussel mot familien og husmora.¹⁵ Med den gradvise reduksjonen av skilet mellom det kollektive og det private fekk ein det vi kallar den seksuelle revolusjonen.¹⁶ Der kvinner vart friare seksuelt, deira nytelyste

³ Melby s. 260

⁴ Danielsen et al., 2015, s. 122-123

⁵ Ibid s. 178

⁶ Ibid s. 184

⁷ Danielsen et al., 2015, s. 182-185

⁸ Blom. s. 378-379

⁹ Korscik r.t s. 16-17

¹⁰ Danielsen et al., 2015, s. 155-156

¹¹ Ibid s. 156-157

¹² Ibid s. 159

¹³ Melby 2007, s. 302

¹⁴ Blom, 2007 s. 336

¹⁵ Danielsen et al., 2015, s. 160

¹⁶ Blom, 2007, s. 369

vart snakka om, den gifte kvinna vart satt i fokus, P-pilla kom på marknaden og kvinner vart alt i alt meir likestilt med menn. Denne revolusjonen endra korleis ein tenkte rundt sex. Dette var ikkje lenger like tabulagt, og spesielt kvinnene vart friare seksuelt. Som vi skal sjå, var dei gamle tenkemåtane ikkje heilt borte etter revolusjonen. Ein arena ein kan sjå denne utviklinga er i media. Spesielt hadde kvinneblad stor innflytelse på 50-talet då dette var før ein fekk tv.¹⁷ Her var det radio og kvinneblad som haldt husmødrene med selskap heime. Sjølv etter tv-en kom til Norge var det framleis mange som leste kvinneblad.

Denne oppgåva vil vere sentralisert rundt ein diskursanalyse. Her vil vi sjå korleis diskursane i desse blada gjekk gjennom ein endring frå 50- til 70-talet. Den dominante diskursen bestemmer kva som er akseptert å sei i eit samfunnet ikkje, den blir bestemt av maktrelasjonane i samfunnet. Denne perioden prega av ein bryning mellom gamle og nye kvinneidealar.¹⁸ Utover 50-talet snakka ein generelt meir om rolla som husmor i eit godt lys, men den begynte sakte men sikkert å miste glansen. Med endringar i samfunnet endrar også diskursane seg. Med den seksuelle revolusjonen skjedde det ein utvikling når det kom til dei aksepterte diskursane. Ein vart meir open på 70-talet, dermed endra dei dominante diskursane seg. Likevel blei dei gamle diskursane til ein viss grad verande. Denne representasjonen av gamle og nye diskursar representera brytinga mellom nye og gamle idear. Det reflekterte og det faktum at maktrelasjonane og var i endring. Til tross for dette var det mannen som satt med meste av makta på 70-talet.

Denne oppgåva vil sentraliserast rundt ein diskursanalyse av bladet *Alle kvinners blad* ved å sjå på korleis diskursane har endra seg frå 50-talet til 70-talet. Beskrivinga av dei dominante diskursane, og sjå korleis maktrelasjonane endra seg. Sidan tidspennet er på 20 år er det ikkje å forvente at der vil vere betydelege forskjellar i diskursen, men sidan språk og kva som er akseptert og sei og ikkje forandra seg heile tida er det naturleg at der vil bli ein merkbar forskjell.

¹⁷ NDLA, 2020

¹⁸ Neple og Lindtner, 2020

1.1 Problemstilling

Problemstillinga mi for denne oppgåva er; korleis endra framstillinga av sex og seksualitet i bladet *Alle kvinners blad* seg frå 1950 talet til 1970-talet, og kva rolle spilte den seksuelle revolusjonen i denne endringa?

Grunnen for denne tidsavgrensinga er for det første på grunn av at det er blad frå dette tidsrommet eg har tilgang til. For det andre vil dette gi eit overblikk over endringane frå før og etter den seksuelle revolusjonen og gjer at ein kan sjå korleis ein endra måten ein snakka rundt sex. I tillegg gjorde den seksuelle revolusjonen at maktstrukturane endra seg. Bladet kom på 40 talet og varte fram til 70-talet. Det var Norges mest populære kvinneblad i perioden. Målet med analysen er å sjå korleis bladet tok opp tema rundt seksualitet før og etter den seksuelle revolusjonen.

Oppgåva er bygd opp av ein teoretisk del der det blir inn på den tidlegare forskinga på feltet og forklarar kva definisjonar eg brukar. Andre delen av oppgåva vil bestå av ein diskursanalyse samt ein diskusjonsdel der det reflekterast over analysen.

1.2 Kvifor er dette viktig å forske på?

Både kvinnehistoria og seksualhistorie er eit forskingsfelts som samanlikna med mange andre er relativ nye. I tillegg har dei blitt nedprioritert frå det store historiske narrative.

Seksualhistoria som forskingsfelt kom ikkje på banen før på 70 talet med Foucault. Dette til tross for at seksualitet er noko som har vert så lenge menneske har eksistert. Ein begynte heller ikkje sjå på kvinnehistoriene før på 1900 talet. Samstundes har det stor samfunnsmessig relevans då det å forstå historia bak dagens haldningar er viktig for samfunnsdebatten. Då seksualitet er ein stor del av dei fleste menneskes eksistens er det også nyttig å forske på.

Når det kjem til kvinneblad spesifikt var det ein stor ting på 50-70 talet som hadde stor innflyting. Det å sjå på språkbruken som er brukt gir eit innblikk i korleis samfunnsendringane førte til endingar innanfor diskursane rundt sex.

2. Metode

2.1 Henting av materiale

I denne oppgåva er *Alle kvinners blad* tatt i bruk som primærkjelde. I analysen blir det brukt 4 blad frå 1950-talet og 4 blad frå 1970 for å sjå samanlikne dei. Alle blada frå 70-talet er frå året 1970, mens blada frå 50-talet er frå 1950, 1951 og 1954. Vala av blad vart tatt for å sjå på kontrastane mellom før og etter den seksuelle revolusjonen. Blada er valt ut etter dei som tar opp tema sex og seksualitet på enten ein direkte eller indirekte måte. For å velje ut blada vart det funne blad som har ord slik som sex, onani, samliv, og andre i seg. Dette vart gjort ved å gjær ordsøk på nettbiblioteket. Dette forsikra at blada som blir analysert tar opp seksualitet i ein form eller anna.

2.2 Metodebruk i oppgåva

I denne oppgåva blir det brukt diskursanalyse og komparativ metode. Ein diskursanalyse er ein metode der ein ser på; “språk og språkbruk forslått som sosiale og kulturelle hendingar”. Det er Foucault sin definisjon av diskurs som blir brukt då det er denne som er mest utbrett og passar best i dette tilfellet. Det blir sett på den diskursive praksisen, strategiane, og kor den diskursive makta ligge. Ulleberg tar fram Foucault sin meining rundt diskurs ved «Foucault mener framstillingen av verden er tolkninger og dermed konstruksjonar som av og til kan tre fram som selvsagte og naturlige, og dermer også hegemoniske. Derfor kan vi si at det er makt i språket». ¹⁹ I tillegg ser ein på kva som er lov å sei i ein periode og ikkje. Diskursanalysen viser at sannheita er kontekstuell.²⁰ Kva ytringar som rekna som riktige og sanne kjem nemleg ann på kva kontekst ein er i. Dette kan vere sosial, kulturell, eller historisk kontekst. “Våre sosiale omgivelser forsyner oss med modeller for hva som kan sies, tenkes og gjøres”.²¹ Kva strukturar som legg bak ein ytring og kva ein kan lære om desse strukturane ved set ytring. Det som påverka kva ytring som ein kan sei og ikkje er maktrelasjonane i samfunnet. I denne oppgåva vil det blir sett på korleis desse maktstrukturane gjer seg gjeldande i bladet, og kva tema som går igjen for å forstå kulturen og tenkemåten.

¹⁹ Ullberg, 2007

²⁰ Ibid s. 66

²¹ Ibid s. 67

Måten vi snakkar om ting på og korleis vi forstår det på er påverka av maktdynamikken i samfunnet. Ved bruk av denne metoden blir språkbruken i bladet *Alle kvinners blad* analysert ved å analysere språket som er brukt rundt seksualitet. Målet med analysen er å sjå korleis diskursane endra seg frå 50-talet til 70-talet. Språk og då også diskursar er alltid i endring. Ein får nye diskursar, mens gamle blir legitimert. Dette gjer at gamle diskursar ofte blir igjen til ein viss grad, men mister sin dominans. Ved å bruke denne metoden har det blitt gått inn i blada å analysert språkbruken rundt sex ved å finne dei dominante diskursane, samt sjå korleis desse har endra seg. Ved bruk av komparativ metode har det blitt sett på likskapar og forskjellar mellom diskursane i tidsperiodane.²² Det har då blitt gjort kronologiske samanlikningar. I tillegg har det blitt gjort samanlikning med Sarromaa sitt resultat i hennas analyse av bladet *Det Nye* som har blitt brukt som støtte i denne analysen.²³

I analysen er der spesifikke tema som vektleggas. Desse er orgasme, forskjellen mellom kvinner og menn, og utruskap. Grunnen til valet av dette tema er då det er mye tett å analysere under dette tema. Når det kommer til orgasme avsnittet er dette sentralt då dette ordet ikkje vart brukt før i bladet frå 70-talet. Ved forskjell mellom kvinner og menn er forskjellen sentral både når det kjem til korleis dei vart framstilt i bladet forskjellig, men også korleis dei skriv forskjellig. Til slutt, endrar meiningane rundt utruskap seg betydeleg frå 50-talet til 70-talet og var derfor relevant og ha med i analysen.

2. 3 Avgrensingar med metoden

Då dette er ein bachelor oppgåve er det avgrensa kor mye ein kan gå inn i detalj i blada. Det vart derfor valt ut spesifikke artiklar og eit lite antal blad. Ved bruk av fleire blad og meir grundig analyse kunne ein muslingens komme fram til eit meir spesifikt resultat. Då det blir sett på dei generelle faktorane ville ein nok komet fram til eit liknande resultat som her. Det ein slik analyse kan bidra med er at ein får eit bilde av korleis det vart snakka rundt seksualitet på dette tidspunktet ved å legge fram dei dominante diskursane. Slik Sarromaa konkludera med kan ein ikkje bruke denne typen forsking på å trekke ein vidstrakt konklusjon om kulturelle forandringar.

²² Melve og Ryymin s. 74

²³ Ibid s. 72-73

Mest utfrodrane delen med ein slik analysen er å halde synet sitt nøytralt og upåverka av personlege fordomar og påverking frå tida vi er i. Dette er så klart umogleg å gje 100% prosent. *Alle kvinners blad* var det mest populære kvinnebladet i Norge. Då kor stor denne innflytinga var er vanskeleg å vite. Men det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at det hadde ein viss påverking på dei som leste bladet. I analysen blir det sett på blada i den historiske kontekst av at dei er skriven enten før eller etter den seksuelle revolusjonen. Bladet gir eit direkte og interekte innblikk i denne tida.²⁴

3 Teoridel

3. 1 Tidlegare forsking

På 70-talet begynte ein å snakke om seksualitet i mange vestlege land. Bøker rundt sex begynte derfor å komme i denne perioden. Eit eksempel på dette er Franske Foucault med hans bok, *The History of Sexuality*. I tillegg til å vere pioner når det kjem til seksualhistoria, kom han også med ein definisjon på diskurs. Nå er det skriven mange bøker innafor området. . Allyn med boka *Make Love Not War* omhandlar i stor grad utrykket seksuell revolusjon og brukar boka til å definera dette omgrepet. Samtidig tar den opp relevante aspekt rundt utviklinga på 60- og 70-talet. Så har vi Simeone de Beauvoir kom med boka “the second sex”. Dette var ingen historiebok, men var viktig for kvinnesynet. Hovudtrekka i denne boka er at men undertrykte kvinner ved å karakterisere dei på alle nivå som “den andre”, definert som opposisjonen til menn. Ho forklarte at kvinner har rolla som objektet mens menn har rolla som subjektet. Deretter har vi *Seksualunvervinsing i Norge 1935-1985* av Nordberg og *Sexuality of Europe* av Herzog. Alle bøkene tar opp delar av seksualhistoria som ligg bak dei diskursane vi seinare skal sjå på. Deretter så har vi Trine Rogg Korsviks som til tross for lite interesse innafor seksualhistoria er aktiv innanfor feltet. Ho har blant anna skrevet om hvordan voldtektskampen og den seksuelle revolusjonen. Her er det Norge som er hovudfokuset, men andre land blir også tatt opp i samanlikninga. Til tross for at sex er eit stort tema som skapar store debattar i dag er historia bak lite forska på også i dag. Dette

²⁴ Neple og Lindtner, 2020

betyr ikkje at feltet er mindre viktig. Det er ikkje kunn historikarar som har interesse for faget, sosiologar har interesse for felte.

Då denne oppgåva er ein diskursanalyse er også diskursanalysen til Sanna Sarromaa *Kjønnsdiskurser i endring – om Det Nye spørrespalte 1957, 1968, 1977* Brukt som støtte i analysedelen. Hennes analyse er gjort på eit anna blad i same periode som blada som blir analysert her. I denne analysen analyserer ho spørrespalta Betro dem til Beate frå 1957, 1968 og 1977, og samanliknar dei. Ho analysera kjønn, ikkje direkte seksualitet, men timane overlappar. Her tar ho opp det relevante begripe kjønnssystem, som omhandlar hierarkiet der det mannlege står over kvinnelege.²⁵ Sjølv om det er gjort andre diskursanalyse av blad og avisar er denne den som er i same tidsperiode og har liknande fokus som denne analysen her.

3. 2 Historisk kontekst – Den seksuelle revolusjonen

På slutten 60-talet kom den seksuelle revolusjonen. Dette var ein kulturell revolusjon i vesten.²⁶ Den kan bli forstått i form av ein for oppreising mot styresformar. Men I tillegg kan det også bli sett på som ein sosial transformasjon. Dette gjer denne revolusjonen spesielt forvirrande då den har trekk frå begge desse definisjonane. Dette har skapt mye forvirring rundt uttrykket²⁷ I denne revolusjonen var det både eit brot med gamle idear og tabu. Det som før hadde vert private ting som ein ikkje snakka om i offentlegheita vart no politisk. Dette var i ser den yngre generasjonen som stod for. Så hadde ein i tillegg dei politiske kampane for å endre lovane rundt tema som abort. Revolusjonen er prega av mange motstrigande følelsar. Allyn drar fram at mange av forandringane som skjedde var evolusjonære ikkje revisjonane.²⁸ Og er ein av synspunkta i diskusjonen om det var ein seksuell revolusjon. Like vel kan ein ikkje motsei at det skjedde endringar når det kom til seksualitet. Spesielt då det kom til kvinnenes seksualitet. Det var ein rekke ting som hjelpte desse endringane skje. Dette var ting slik som fleire kvinner i politikken, men også media og kapitalisme. Ein generasjon med meir vekelønn til å bruke hjelpte også med å dytte til side dei gamle ideane og tabua. Det er også stilt spørsmål ved om freistinga for seksuell friheit gjorde at den seksuelle revolusjonen var suksessfull?²⁹ Narrative seksuell revolusjon starta på 1960-talet då det i USA vart begynte å

²⁵ Sarromaa, 2009. s. 42

²⁶ Nordberg, 2013, s. 105

²⁷ Allyn, 2015 s. 7

²⁸ Ibid s. 8

²⁹ Nordberg, 2013, s. 133-134

bli akseptert for middelklasse kvinner å ha sex før ekteskapet. Narrative slutta på slutten av 70-talet då begge ender av det politiske spektrumet gjekk saman og hadde ein suksessfull kampanje for seksuell liberalisme.³⁰

50-talet ber preg av presset til å gå tilbake til dei tradisjonelle kjønnsrollene som kom etter krigen. Krigen hadde snudd opp ned på det «anminlege» giftarmålet.³¹ Som ein motgang mot alle råskapen og den seksuelle valden som hadde prega krigen og tida etter ville stat og kyrke tilbake til dei tradisjonelle rollene. Dei møtte ikkje mye motstand då mange hadde enten opplevd eller tatt del i råskapen under krigen og var derfor ivrige etter å komme forbi denne tida.³² Vi såg denne trenda også i Norge, då ein no var inne i perioden kjent som husmorparadiset. Grunnen til dette er at verken før eller sida har det vert så stor del av befolkninga som har ver husmødrer her i landet som det var mellom 1900-talet til 1960-talet.³³ Utviklinga til den moderne husmorsrolla var eit produkt av urbanisering.³⁴ Utrykket husmor skapte ein form for samhald for kvinnene på denne tida då utrykket no vart brukt på tvers av klassar.³⁵ Den moderne husmorsrolla som vi hadde her var eit produkt av urbanisering.

Kvinner fekk tildelt ein seksualitet på 50-talet. Likevel var den ikkje meint for kvinna, men for mannen. I følgje Herzog var kvinnas verdi basert på hennas evne til å reproduusere, med dette trudde ein at orgasme kunne forstyrre dette.³⁶ Kvinna vart betrakta som underlegne når det kom til det seksuelle, men dei vart ikkje sett på som seksuelle vesen. Mannes seksuelle drift var rein seksuell, mens kvinnas var retta mot reproduksjon, og vart heller knytt opp til omsorg, kjærleik og morsinstinkt.³⁷ Dei skulle rett å slett ikkje like sex. Dei var sett på som det motsette av mannen. Dei hadde rolla som objekt mens mannen hadde rolla som subjektet.³⁸ Dei skulle kunn tolerere det for mannens skyld og for å få barn.³⁹ Ein trudde at mannen hadde det større seksuelle behovet, og at kvinna i bun og grunn var asekuell fram til den rette mannen kunne vekke henne. Dei vart forma til å bli husmødre og mødrer, ikkje til

³⁰ Allyn, 2015 s. 5

³¹ Herzog, 2011, s.98

³² Herzog, 2011 s. 94

³³ Danielsen et al., 2015, s. 122-123

³⁴ Melby, s. 321

³⁵ Danielsen et al., 2015, s. 131

³⁶ Herzog, 2011 s. 95

³⁷ Ibid s. 97

³⁸ De Beauvar, 1949

³⁹ Allyn, 2015 s. 13

seksuallivet.⁴⁰ I tillegg til dette skulle sex kunn skje under gifte rammar då var onani vart sett på som ein uvane.⁴¹ Det var likevel utbrett på 60-talet. Dette til tross for at det var mange som tenkte eller trudde det var feil, eller til å med kunne vere farleg.⁴²

Den seksuelle revolusjon er eit komplisert uttrykk som er vanskeleg å definere då det betyr forskjellige ting for forskjellige folk. Det kan forbindast med p-pilla, homoseksuelle rettigheitar, kritikk av det dominerande autoritær systemet og mye meir. Det er ikkje kunn kva revolusjonen omhandla som er kompleks, det er og ueinigheita om kva som starta den. Det ein er einig i er at den starta i USA. Allyn meina at det var skodespelet *Oh! Calcutta* som starta ringerikingane som førte til revolusjonen. Dette var eit skodespel som hadde stripping, nakenskap og sex på sena. Aldri før hadde ein sett slikt på ei teaterscene. Mengda med sex og nakenskap som fant sted på sena definerte den seksuelle revolusjonen i følge Allyn⁴³. Allyn tar også opp at p-pilla ofte blir sett på det som satt alt dette i gang, men p-pilla var kunn ein liten del av revolusjonen. Då det var ein viktig del av det var den så mye meir.⁴⁴ Ein begynte i større grad å snakke om sex. Og ein begynte å gå meir og meir bort i frå dei gamle kjønnsrollene. I tillegg vart slike ting som at tankane om at kvinnene ikkje hadde same behov for kjønnslivets glede også problematisert.⁴⁵

Visjon om at kvinner skulle bli kjent med sin eiga kropp og ha mogelegeheitene til å nyte kroppen sin var ein viktig del av dette. Mange kvinner viste nemleg lite om sine kjønnsorgan før den seksuelle revolusjonen.⁴⁶ Lysten i seksualdebatten kjem ikkje på banen før på 70 og 80 talet. Dette var noko som ikkje hadde blitt snakka om noko særleg før. For eksempel var ikkje klitoris med i medisinske førestillingar av kvinnekroppen før 50-talet. Og ikkje satt fokuset før på 70 talet.⁴⁷ Sex for kvinna gjekk frå å vere kunn for reproduksjon til noko meir. Endringane i samfunnet manifesta seg ved at ein fekk nye reglar slik som at ein fekk fri abort i mange land. Blant anna Norge. Sjølv om skilsmisse hadde vert lovleg lenge var det no også sosialt akseptert.⁴⁸ I starten av 70 talet var ikkje seksuelt vald mot kvinna sett på som eit politisk problem.⁴⁹ Dette vart også problematisert her. Den seksuelle revolusjonen endra

⁴⁰ Herzog, 2011 s. 97

⁴¹ Allyn, 2015 s. 139-140

⁴² Herzog, 2011 s. 108

⁴³ Allyn, 2015, s. 123

⁴⁴ Nordberg, 2013, s. 107

⁴⁵ Ibid s. 108

⁴⁶ Allyn, 2015, s. 139

⁴⁷ Danielsen et al., 2015, s. 171

⁴⁸ Norberg, 2013, s. 108

⁴⁹ Korsvik r.t, 2018 s. 18

kulturen ved at det no var meir openheit rundt sex og at kvinna vart satt større fokus på når det kom til seksuell nyting. Dobbelstandaren mellom kvinner og menn mindre og mindre, men forsvann ikkje heilt.⁵⁰

Der var også ein baksida med den seksuelle revolusjonen. P-pilla som førte til friare seksualitet for kvinnenes del, og ga dei større kontroll over familieplanlegginga. Med dette vart også tanken rundt seksuell ansvarlege endrast, det var forventningar om at kvinnene skulle vere seksuelt tilgjengeleg noko kvinnekampen kritiserte. Kvinnene kravde seksualiteten sin tilbake frå men.⁵¹ Ein av bekymringane for kvinnekampen vart at frigjeringa av seksualitet skulle bli i fordel for mannen, med auka mengde av porno og seksualisering på marknaden.⁵² Ein ville endre låvane rundt om i Europa, men dette var ikkje ein enkel sak. Det krevde press frå befolkninga og politikara villige til å gjere endringar. Men land påverka kvarandre.⁵³

Med dette skapte det mye ambivalent. Sex og politikk høyrt ikkje saman. Kyrka i Norge var ein av dei som hadde splitta førelsar, då spesielt når det kom til prevensjon. Dei var usikker på kva meininga dei skulle ha rundt prevensjon under dette.⁵⁴ Samstundes kom dei fram til at P-pilla var betre en kondoma.⁵⁵

3. 3 Teoretisk rammeverk

3. 3. 1 Kvinnenes seksualitet i endring

Mellom 1950 og 1970 skjedde det ein stor forandring i vesten når det kjem til seksualitet. Kvinnene ville ha retten til å kunne vere meir frie seksuelt ved å ha tilgang på prevensjon og abort. På 50-talet fekk kvinner ein seksualitet, men på denne tida var mannen framleis i fokus. Men på 60 og 70 talet kom det som har blitt rekna som dei sosiale rørslenes tiår i den vestlege verden, derav og Norge. Ein del av denne bevegelsen var seksualiteten, eller “permissiveness”. I tidlegare kvinnekampar var det den single kvenna som hadde vert fokuset, men dette endra seg nå. No begynte ein å kjempe for frigjeringa av den gifte kvenna. Ein av dei mest sentrale delane i denne likestillingskampen var frigjering av seksualitet og retten til å bestemme over eigen kropp og fruktbarheit då dette videre ga kontroll over eiga liv.⁵⁶ I denne

⁵⁰ Allyn, 2015. s. 13-14

⁵¹ Danielsen et al., 2015, s. 169

⁵² Nordberg, 2013, s. 141

⁵³ Ibid s. 134

⁵⁴ Ibid, s.116-117

⁵⁵ Ibid s. 119

⁵⁶ Danielsen et al., 2015, s. 168

tida tok ein fram kvardagserfaringane til kvinnene og gjorde dei politiske.⁵⁷ Det vart tatt opp problema med kvinnerolla og kva liv det var forventa ei kvinne skulle leve.⁵⁸ Samstundes som ein gjorde opprør mot tabua.⁵⁹ Dei kravde å bli behandla som individ utan at statusen deira som kvinne skulle sette grenser for dei.⁶⁰ For å få fram sine poeng begynte kvinne begynte å ta i bruk ny taktikkar for protestere ovanfor det mannstyrte samfunnet. Dette var bruk av kunst, gjorde opprør i senga, på kjøkkenet, osv.⁶¹ Det å gifte seg hadde også endra seg til det no var blitt ein åtgjering tatt av individet. Skilsmissa var framleis ikkje vanleg, så å gå inn i ekteskapet var ein stor åtgjering. Etter endringa i ekteskapslova i 1927 hadde ikkje mannen lenger full rett over økonomien, men det gjorde ikkje nødvendig vis husmorsrolla mindre usikker⁶².

I løpet av perioden til den seksuelle revolusjonen endrar kvannane sine rettigheitar seg. Rettigkeitene til eiga seksualitet er noko som kjem under dette. I løpet av århundret vart kvinner i heteroseksuelle forhold meir likestilt med dei mannlige partnerane sine. Dette var då heteroseksuelle par, då kvinner i lesbiske forhold allereie var meir likestilt då begge er kvinner. Kva spesifikke ting som skjedde for å få denne utviklinga er likevel omdiskutert. Trendane vi var dermed prevensjon og kulturell og politisk revolusjon som gjorde at dette var ein så viktig tid for kvinnenes seksualitet.

3. 3. 2 Kva er seksualitet

Seksualitet har alltid blitt regulert i ein eller anna form. Samfunnet og kulturen rundt har bestemt kva seksuelle praksisar og relasjonar som har vort betrakta som gode og sunde⁶³. Men kva er seksualitet? I dag blir ordet seksualitet mest brukt i daglegtale når det kjem til legning. Dette er ein del av det, men sjølve uttrykket er meir komplisert enn som så. Utrykket har nemleg mange definisjonar varierande etter kva kontekst uttrykket blir brukt til. Seksualitet kan vere seksuell tiltrekking, nyting, forplanting, og instinkt. I tillegg omhandla det “lyst, kraft og ømheit og glede”⁶⁴.

⁵⁷ Danielsen et al., 2015, s. 163

⁵⁸ Ibid s. 165-166

⁵⁹ Ibid s. 167

⁶⁰ Ibid s. 168

⁶¹ Ibid s. 165

⁶² Ibid s. 134-136

⁶³ Nordberg, 2013, s. 2-3

⁶⁴ Ibid s. 103

Foucault var ein av dei som forsøkte å finne ein definisjon for utrykket. Hans mål var å etablere eit teoretisk rammeverk for å diskutere desse prosessane.⁶⁵ Han knyt seksualitet til kunnskap og makt. Hans forståing av omgrepene var ikkje som ein naturleg makt som måtte heldes i trauma gjennom makt. Han meina at makt er ein del av seksualiteten, då ikkje på ein därleg måte, men at makta er produktiv, og at seksualitet er eit positivt produkt av makt⁶⁶. “Seksualiteten blir til eit område for styring”⁶⁷.

I denne oppgåva blir seksualitet definert som alt som omhandlar sex. Det komplekse sosiale omgrepene blir definert med at det er følelsar, tankar, åtferd og identitetar som saman går inn i menneskes seksuelle preferansar, lystar og relasjonar. Det vil sei at utrykket seksualitet dekker alt frå nyting til tiltrekking. Samstundes kjem orda som er sentralisert rundt utrykket til å stå i fokus. Dette er ord slik som utruskap og samliv. “Seksualitet var i sin essens driftar eller begjær, og desse skulle frigjerast” - diskursen av ordet seksualitet⁶⁸.

3. 3. 3 Kjønnsroller i utvikling

Med den seksuelle revolusjonen gjekk kjønnsrollene igjennom ein utvikling. Då ein tenkte at det at kvinna skulle ha sex med mannen var henna plikt til dette ikkje lenger var tilfellet. I tillegg gjekk ein frå at sex kunne kunn skje i ekteskapet til at det også kunne skje utanfor, men at det framleis helst skulle skje i ekteskapet. Dobbeltmoralen mellom kjønna vart mindre. Det gjekk frå at ein kvinne måtte akseptere at mannen var utru til at ingen ville klandre ho om ho skiltest.

Media hadde ein viss påverking i korleis debatten rundt seksualitet gjekk. Dei har alltid hat stor innflyting på korleis ein har sett på kjønn, og derav også på kjønnssystemet.

Kjønnssystem er basert på forskjellane mellom kvinner og menn, men også på hierarkiet der det mannslege rangerar over det kvinnelege.⁶⁹ Kino hadde stor innflyting samt aviser og blad. Blada som blir sett på her var Norges mest populære kvinneblad så det er naturleg å forsestille seg at det som vart skrevet hadde ein innflyting.⁷⁰ Samstundes har du spørsmålet som alltid blir stilt når det kjem til påverkinga av media. Er det samfunnet som påverkar media eller er det media som påverkar samfunnet. Blada kunne ikkje skrive noko som var alt for langt

⁶⁵ Danielsen et al., 2015, s. 18

⁶⁶ Ibid s. 18-19

⁶⁷ Ibid s. 21

⁶⁸ Nordberg, 2013, s. 104

⁶⁹ Sarromaa, 2009, s. 42

⁷⁰ Ibid s. 42

utanfor diskursen då dette ville føre til at folk ikkje ville lese bladet. Dei var nøtt til å skrive noko som lesarane ville lese slik at dei fortsette å selje blad. Dette var det same med dei fleste radiokanalar og aviser. Mye av det som gjekk på radioen på dagtid var tilpassa husmødrene då det var dei som høyrt på.⁷¹ Ein hadde også spesifikke blad til husmødrene med oppskrifter på mat, strikketøy, på korleis ein skulle stelle hagen og sy oppskrifter. Dette var for å appellere til husmødrene. I tillegg var der historia, eit kapittel frå ein roman kvar uke. Men det var også mogeleg å sende inn spørsmål til bladet og få svar så ein kunne også kommunisere med bladet. Det er framleis viktig å tenkte på at alt som står i bladet har vert igjennom ein redigeringsprosess og har blitt godkjent av ein redaktør. Dette for å forsikre seg om at alle elementa som trengs for å få og behalde lesaren er ivaretatt og at ein ikkje seier noko for langt utanfor diskursen.

4 Analyse

4. 1. Bladast innhald

På 1950-talet var det blad, avis, kino og radio som var media ein nytta seg av vi Norge. Tv-en fekk vi ikkje her til lands før i 1960.⁷² Ting tilrettelagt for husmora var stor. Husmorsmagasin, radioprogram på dagtid spesifikt for husmødrer.⁷³

Kva blada innehaldt på 50-talet og på 70-talet var mye av det same. Dei hadde forskjellige oppskrifta på strikking, matlaging, sying, brodering og andre hus syslar. Ein gjengangar var spalta klara klok, dette var ein spørjespalte der ein kunne sende inn spørsmål og få svar frå Klara. I tillegg var der historiar der ein fekk eit nytt kapittel kvar uke. Spalter ein hadde på 50-talet var blant anna hun og han, eller andre artiklar skriven av Halvor Sindig. Fram mot 70-talet kom spaltar slik som spør Frank, slankeklubben og kunsten av å leve samen.

4. 2 Orgasme

«Lars og Lise hadde forestilt seg at dersom de bare fikk være uforstyrret, ville de oppleve den store, himmelstormede lykken. Og skuffelsen ble stor da den ikkje innfant seg. Dersom man skrur opp

⁷¹ Andrew, 2012

⁷² NDLA, 2020

⁷³ Andrew, 2012

forventingene, blir mindreverdighetsfølelser resultatet. Lise føler seg mindreverdig fordi hun ikke blir tilfredstilt ved hvert samleie. Lars føler seg mindre verdig fordi han mener at dette må vere hans skyld.

Men det tar ofte både tid og talmodighet å komme frem til et lykkelig seksuelt samliv. Det dummeste man kan gjøre, er å sette som mål at hustruen skal få orgasme. Da blir hvert samleie en slags sportsprestasjon, leken forsvinner, og man opplever ingenting av felleskapet, nærheten og varmen som likevel betyr mest av alt.»⁷⁴

I denne artikkelen fra 70 talet er det snakk om Lars og Lise som ikke har det samlivet dei ønskar.

Her blir ordet tilfredstillelse brukt. Bruken av dette ordet var ikke nytt på 70 talet, det var også brukt på 50 talet, som vi skal sjå, men i mindre grad for å beskrive sex. Det vart heller brukt i andre samanhengar. Same med seksuelt samliv som også blir brukt i dette utdraget. Ordbruken har vert i brukt lenge, men blir ikke brukt stort i dag. Bruken av samliv i det seksuelle samliv understrekar at dette er noko ein gjer saman. Til forskjell frå i dag då vi heller snakkar om sex-liv då dette uttrykket også tar for seg det ein gjer aleine. Men sjølv tideleg på 70 talet var det onanien ikke akseptert.

Det var ikke før året 1970 at ordet orgasme blei brukt i desse blada. Kva gjorde at dette ordet no kom inn i den aksepterte diskursen og var ok å bruke? Ein av grunnane kan ver at kvinnas nytting ikke vart snakka om før på dette tidspunktet, og det var derfor ikke ein akseptert del av diskursen å før dette. Vi har konstatert at det er maktforholda som påverkar diskursen, då trenden er at den diskursive makta ligg hos mannen. Dette kan også vere ein forklaring på kvifor ordet orgasme ikke var brukt før etter den seksuelle revolusjonen då maktforholda endra seg. Likevel ligg makta gos mannen på 70-talet. I tillegg til dette vil eg understreke at det er «hustruen» som har orgasme, ikke kvinna. Det er ikke meininga at denne typen nytting skal skje utanfor ekteskapet. Det seksuelle samliv kunn eksistere innanfor konteksten av ekteskap. Dette er ein akseptert ytring innanfor denne diskursen. Det er ein ytring få ville ha vert ueinig i på dette tidspunktet.

Som vi har sett er orda: «Orgasme», «tilfredstilt», «samleie» og det «seksuelle samliv» brukt. Desse orda beskriv det private livet i større gran en det vi skal sjå dei gjorde på 50 talet. Orda som blir brukt her er forskjellige måtar å snakke rundt sex. Det seksuelle samliv brukt som ein langvarig fast relasjon mellom to stykker innanfor ekteskapet. Samleie understrekar at dette er

⁷⁴ Alle kvinners blad, 1970 Nr. 27

ein ting ein gjer saman. Og så har vi orgasme og tilfredstillelse som ikkje kunn går spesifikt inn på handlinga, men kva ein får ut av denne handlinga.

På 50-talet var ordet orgasme aldri brukt då dette ikkje var eit tema. Som vi skal sjå var det samstundes er det mange likhetar i dette utdraget frå 50-talet:

«F. eks. er det en kjensgjerning at det er til stor skade for en kvinnes chanse til å finne tilfredsstillelse ved samleie om hun er redd for å få barn, eller om hun er redd for at forholdet skal bli oppdaget. Mange kvinner som har begynt det seksuelle samliv før ekteskapet er aldri siden kommet over denne angst som da ble vekket, fordi kjærligheten ikkje fikk leve i trygge omgivelser»⁷⁵

Forskjellen mellom 50- og 70-talet er liten men framleis betydeleg. For det først brukast «seksuelt samliv» også her. Vi ser nemleg ein reproduksjon av dette uttrykket på 70-talet. Utrykket er framleis akseptert. Dette samlivet er det som er den godtatt delen av diskursen i dette tilfellet, og denne diskursen forsvann ikkje på 70 talet. Til forskjell har ein her brukt ord slik som «redd» og «angst». Denne frykta er for diverse ting og den er forklart ved at det er «kjærligheten ikkje fikk leve i trygge omgivelser» som er grunninga. Desse trygge omgivnadene som det er snakka om er ektespaet som er den einaste aksepterte ramma der samleie skal skje. Og at å ha sex før ekteskapet derfor kan føre til angst. Dette undertrykkets med uttrykket «seksuelt samliv» som vi såg frå utdraget frå 70-talet. Dette er akseptert som at dette saman er innanfor gifte rammar. I tillegg er det noko som må skje saman, ikkje noko ein kan gjere aleine.

For det andre er ordet tilfredsstilling også brukt, men i staden for å kunn vere knyt opp mot sex slik som i utdraget frå 70-talet ser vi at den er knyt opp til angst og barn. Dette gir mening då vi veit at seksualitet var knyt opp til kvinnas emne til å få barn, som Herzog tar opp. I eksempelet frå 70-talet var det tilfredsstillinga i seg sjølv, og mangelen av det som er tatt opp som problemet. Mens her er problemet ikkje isolert til tilfredsstilling, men utvida til å bruke denne angstens som ein grunning for at kvinna ikkje finner tilfredsstilling. Det blir då brukt videre som ein grunning for å ikkje ha sex utanfor giftemålet. Med at ei kvinne kunn kan bli tilfredsstilt dersom ho kunn har sex i «trygge omgivelser». Det er derfor i stor grad det

⁷⁵ Alle kvinners blad, 1950 Vol. 12. Nr. 47/48

same orda som blir brukt, men i forskjell frå det seksuelle samliv blir tilfredsstilling brukta med eit anna fokus en det vi såg på 70-talet.

Vi ser enda ein understrekning av at sex kunn skal skje innanfor gifte rammar i dette utdraget frå 70talet der det står:

«Eg trot på ekteskapet som den beste formen for samliv, og sjølv om eg mener at det bør bygge på troskap, kan eg til en viss grad forstå resonnementet at utroskap kan vere nyttig i blant».

Her blir det sakt at ekteskapet er den beste forma for samliv, dette insinuerer då at det er andre formar for samliv. Gjennom desse ytringane kan vi sjå at den aksepterte diskursen har endra seg sida 50 talet. Samstundes er det gamle diskursar framleis i spill. Seksuelt samliv og tilfredstillelse blei også brukt på 50-talet, men vart brukt meir for å anonymisere sex, ikkje for å beskrive det slik som det blir brukt på 70 talet med ordet orgasme.

Desse diskursane er bestemt etter maktrelasjonane. Det er derfor naturleg at dei aksepterte ytringane innanfor diskursen endar seg opp mot 70 talet då maktrelasjonane mellom kvinner og menn også endra seg i denne tidsperioden. Her er det viktig å merke at det ikkje kunn var menn som satt med den diskursive makta. Kyrka er ein av dei med diskursiv makt. Eit eksempel på dette er diskursen om at ein ikkje skulle ha sex før ekteskapet.

4. 3 Forskjell mellom mann og kvinne

I tillegg til forskjellen mellom framstillinga av menn og kvinner i blada er det også ein forskjell i ordbruken utifrå kva kjønn skriv. Mennene som er veldig raskt til å fortelje korleis ein kvinne skal vere og korleis ein kvinne er, mens at artiklane skriven av ein kvinne ser på det med eit outsideperspektiv. Dei prøver ikkje å fortelje korleis mannen skal vere. I blada frå 50-talet er det tatt opp fleire stadar at det er ein forskjell mellom menn og kvinner når det kjem til sex.

«Seksualiteten er for ham et ledd i hans hevdelse på en annen måte enn for kvinnan. For en mann er det en katastrofe å vere impotent, for en kvinne er det bare en ulykke om hun er frigid.»

«For det er ikke bare mannen det er synd på når hand kone er en istapp, det er sannelig verst for istappen sjølv»

«Det går an for kvinnen å «finne seg i» det seksuelle samliv, sjølv om hun ikkje har noen glede av det. Ja, sjølv om hun har en direkte følelse av motbydelighet ovenfor det hele, går det an å skjule det, og er hun virkeleg glad i sin mann vil hun forsøke på det.»⁷⁶

Her baukar ein metaforen istapp. Denne er brukt som beskriving på at kvinna er seksuelt fråverande. I artikkelen samt avsnittet her er det spesifikt det seksuelle samliv som blir satt fokus på. Det er ein forskjell på kva som er forventa av kvinna og mannen i denne situasjonen. Dette ser vi at lysninga på problemet er kvinnas ansvar og at det å vere ein istapp er ein negativ ting både for mannen og kvinna. Det at kvinna ikkje vil ha sex med mannen gjer ho kald. Då kvinnene ikkje skulle like sex, men tolerere det for å få barn og formannens skyld var det å fikse dette problemet med å vere kald var kvinnas ansvar. I siste setninga i utdraget tas det opp at kvinna må late som, og at vist ho bryr seg om mannen sin så vil ho gjer dette for ham. Det blir då kopla opp til kor glad kvinna er i mannen, om ho vil gjere dette offeret for han. Det er ordlagt slik at kvinna skal føle skyld dersom ho ikkje gjer det.

Kvifor er fråværet av seksuell lyst kulde? Kjærleik er ofte sett saman med varme. Då seksualitet er vanskeleg å sjå på som noko anna enn ein utsyn for kjærleik er då fråværet av denne varmen kulde. Her delar dei inn seksualiteten i enten kald eller varm, til tross for at seksualitet er eit stort spekter. Det er sjeldan så svart og kvit som dei vil ha det til. Men samstundes er dette ein akseptert del av diskursen på denne tida. På dette tidspunktet var det akseptert at det var kvinnas jobb å tilfredsstille mannen. Det å vere kald eller varm blir dermed kvart eller kvitt med denne aksepterte delen av diskursen.

I eit seinare blad har vi ein liknande artikkel, men her er det mannen som er kald, ikkje kvinna.

«Det er en rent fysisk vesenforskjell mellom kjønslig kulde hos kvennen og hos mannen. Sjølv om en kvinne er kald som en isblokk og utelukkende føler motbydelighet ovenfor det seksuelle samliv, kan denne frigiditet aldri berøve henne selve evnen til å utføre samleiet. Hun er jo den passive part og for henne er det alltid en mulighete, slik som jeg skriv om i forje artikkel, at hun forsøker å fine seg i det, og eventuelt «spiller» en glede over samlivet som hun kanskje ikkje føler, i håp om at hennes frigiditet etter hvert gir seg.»⁷⁷

⁷⁶ Alle kvinners blad, 1954 vol. 16 nr. 51 s. 22

⁷⁷ Alle kvinners blad, 1951 vol. 13 Nr. 17/18 s.15

Det er tydeleg at her blir kvinnas rolle sett på som passiv ved ein sjølvfølge. Det er lik det skal vere. Videre skriv han:

«Han kan aldri late som han har en seksuell glede som han ikkje føler, for er han først kald, er det fysisk utelukket at han kan utføre noe samleie»⁷⁸

Her ser vi igjen forskjell i synenes påmannens og kvinnenes seksualitet. Her ser ein same resultat som det Sarromaa kom fram til der mannen blir sett på som grunnleggande forskjellig frå kvinna. Denne forskjellen grunnast med biologi. Det er også kvinnas jobb å utfylle denne forskjellen(Sarromaa, side 48). Når dei snakkar om ein løysning, er løysninga at ho burde late som. Ho er den passive parten, så å late som er løysninga på problemet. Det er viktig å påpeike at ein hadde eit anna syn på valdtekst på dette tidspunktet. Her var valdtekst noko som var ein valdeleg hending mellom to ugifte personar. Valdtekst kunne ikkje skje i ekteskapet.

⁷⁹Derfor er å late som ein akseptert ting å ytre. I tillegg må ein påpeike bruken av «jo» i «hun er jo den passive parten». Den diskursive strategien som brukast her understrekar det at kvinna er den passive parten er ein sjølvfølge. Dette ordvalet gir ytinga en aksiomatisk kraft. Dette gjer den ved å anta sannheit utan eit behov for ytterlegare forklaring. Då det at kvinna er passiv innafor den gitte diskursen er noko alle veit og akseptera. Kvinna blir sett på som ein motsetting av mannen, og då mannen er det motsette av passiv så må kvinna vere den passive.

⁸⁰ Mens for mannen derimot blir det dratt fram at det er umogleg for han å late som.

4. 3. 1 Forskjell i språkbruken mellom menn og kvinner

I tillegg til korleis menn og kvinner vart beskriven forskjellig når det kom til seksualitet må ein også påpeike forskjellen i ordbruken som er brukt etter kva kjønn som skriv. Her er det sett på artiklane til Halvor Sindig frå 50-tals blada, som hadde spalta «hun og ham», men som også skreiv artiklar utanfor dette. Og Lisa Holmsten frå 70-tals blada som hadde spalta «Kunsten å leve saman».

I Sinding sine artiklar skriv han ein der mannen er ein istapp, ein der kvinna er istappen. Her blir det forklart med at frykt hos kvinna, som eg nemnte tidlegare, er knyt til akten å ha sex

⁷⁸ Alle kvinners blad, 1951, vol. 13 nr. 17/18 s.15

⁷⁹ Kilden, 2012

⁸⁰ De Beauvoir, 1949

utanfor ekteskapet. Hos mannen er den kalde parten blir det forklart som at han er redd for å vere impotent:

«Sikkert er i hvert fall at de aller fleste menn har perioder i sitt liv hvor de lider av *frykt* for å være impotent.»

«Det gjelder jo først og fremst a gjøre mannen *trygg*.⁸¹

Her ser det då snakk om at det er kvenna sin jobb å gjer mannen trygg. Vi ser bruken av ordet «jo» igjen, som igjen understrekar at dette er sjølvsagt. Hans diskursive identitet kjem fram i det at han som man kan sei noko om korleis ei kvenne skal oppføre seg. I Holmsten sine artiklar derimot ser ein eit anna tonefall:

«At Bjørn var et vanlig menneske som selv hadde behov for støtte i blant, og at det finnes problemer som man må løse sjølv, falt henne ikke inn. Bjørn syntes at han hadde gjort alt for Eva. Han har badre ikkje tenkt på at det han har gitt henne, kanskje var noe som hun slett ikkje lengtet etter»⁸²

«Og finner man ikke dette mennesket hjemme, søker man det kanskje utenfro hjemmets fire veggjar. «Min kone forstår meg ikkje!» Det er en forslitt, gammel frase, og den betyr: «Min kone og eg har ikkje lenger energi til å forstå hverandre». ⁸³

Her har observera vi eit meir likestilt syn der begge partar får ansvaret for at ekteskapet ender i skilsmisse. All skyld blir ikkje lagt på ein part. Med ein endring i kjønnssystemet er det ikkje lenger kvinnas oppgåve aleine å fiske set.

Det som er viktig å påpeike her er at frå tekstene til Holmsten er det mannen og kvenna som må jobbe saman for at ekteskapet skal fungere. Mens i Sindig sine artiklar her er det kvenna sin jobb å gjer mannen trygg, mens når det er kvenna som er kaldt er det også kvenna sin jobb å fikse det. Dette er kunn eit eksempel. Då gamle diskursar framleis var i spill kan ein førestille seg at det framleis er kvinner som trekker ned kvenna på same måte som mannen.

⁸¹ Alle kvinnens blad, 1951 vol. 13 nr. 17/18 s. 15

⁸² Alle kvinnens blad, 1970, Nr. 27 s. 26

⁸³ Alle kvinnens blad, 1970 Nr. 27 s. 26

4. 4 Utruskap

Ein tydeleg illustrasjon av den diskursive orden i blada frå 50-talet er korleis utruskap blir omtalt ulikt med dei forskjellige kjønna. Utruskap hos mannen blir forklart som noko kvinna må akseptere utan mye trøbbel, som vi ser eit eksempel på i utdraget her:

«Så hadde eg forsøkt, som så mange ganger, å forklare litt om mannen. Men støtte på ein vegg: hun kunne ikkje, hun ville ikkje forstå det. Det ville være synd mot det beste i henne selv å akseptere en slik typisk mannfolkserotikk»

I dette utdraget er det ordet «mannfolkserotikk» som må vektleggast. Kva meinast med dette uttrykket? Det blir brukt som ein forklaring på mannens erotikk som ein forskjell frå kvinna. Noko som ho ikkje forstår, eller ikkje kan forstå. Det blir brukt ordet «akseptere». Ved bruk av dette uttrykket legitimera ein diskursen om at menn har andre behov en kvinna. Dette er ikkje noko ho skal forstå men som ho må akseptere. Ordet «Typisk» her gjer at uttrykket verkar meir sjølvsagt. Men også samtidig insinuerer det at det er ein normal og ein unormal form. I tillegg, er det «...det beste i henne selv» å akseptere dette. Det vil vere det beste for ho å akseptere det slik er det og ikkje gjer ein større sak ut av det. Det understrekar også er det derfor er ok for mannen å vere utru. At det blir bortforklart ved denne mannerotikken. Her er det at mannen er utru sett på som noko som er ok og som kvinna må finne seg i.

I ein anna artikkel frå 50-talet ser vi at den hegemoniske diskursen er at menn og kvinner er fundamentalt forskjellige. Vi kan sjå antydinga til denne diskursen her:

«Sikkert er i hvertfall atmannens seksualitet gjennomsnittlig er av en noe annen art enn kvinnens. Først og fremst er den meget meir upersonlig. En mann behøver ikkje på noen måte å være forelsket for å begjære en kvinne med sitt legme. Som regel er dette annerledes hos kvinninen. Er hun ikkje på en eller annen måte personlig betatt av mannen, er hun seksuelt likegyldig ovenfor ham. Mannens sekualitet ligger av naturen meir på det fysiske plan, kvinnens meir på det sjælelige. Særlig er det slik til å begynne med: helt frå undommen av er gutters fysiske drift både sterkere og meir løsrevet frå hans personlighet enn kvinnens er det. En manns utroskap behøver derfor ikkje være så alvorlig og inngripende som en kvinne vil føle det. Det som for henne står som en dyp og absolutt forpliktende intimitet betyr for ham ofte bare en fysisk avreagering av driften.»

I den første setninga legitimera dei den aksepterte diskursen. Denne diskursen var at det var ein grunnleggande forskjell mellom mannen og kvinnen. I denne setninga understrekar dei det ved å for det første ved å bruke ordet «sikkert». Dette er noko som er sikkert og vist som alle kan vere einig om. Dette blir vidare understrekt med ordet «hvertfall» som legger enda større vekt på «sikkert». Mannens seksualitet var sett på som upersonleg. Dette inneberer at ein mann kan finne ein kvinne attraktiv utan å ha ein personleg tilknyting til ho, men at dette er annleis for kvinnen. Dette er ein akseptert del av diskursen og det kjem frå oppfatninga om at mannen og kvinnen er fundamentalt forskjellige. Denne oppfatninga er også konstruert av menn. Med denne logikken er det då naturleg å tenke at sidan ein mann kan sjå på ei kvinne dei ikkje har eit personleg forhold til å finne ho attraktiv og kvinnen er det motsette, må ho dermed ikkje finne menn ho ikkje har ein personleg tilknyting til attraktiv.

Denne grunnleggande forskjellen blir då også akseptert når det kjem til utruskap. «En mann behøver ikkje på noen måte å være forelsket for å begjære en kvinne med sitt legme.». Ikkje kunn er det denne forskjellen mellom mann og kvinne som er forkurset her. Ein må også sjå på språket som er i bruk. For det første er det tydeleg at denne forskjellen mellom mannleg og kvinneleg seksualitet er akseptert i diskursen. For det andre er det brukt ordet «begjære». Det å «begjære en kvinne med sitt legme». Ordet begjære understrekar at dette er ein god ting for kvinnen, at det er ein ære for ho. Det er tydeleg at her er det mannen som har makta over diskursen og bestemmer kva som er akseptert og ikkje. Mens hos kvinnen blir ho beskriven som likegyldig utan denne personlege bettatheta. Med motsetninga til mannen var kvinnas seksualitet meir sjelig. Det vil sei at for kvinnen var sex knyt opp mot kjærleik og intimitet. Mens for mannen var dette ikkje viktig. Kvinner og menn ser fundamentalt forskjellig på seksualitet. Menn har skapt denne ideen.

Ord «Begjær», «Fysisk plan», «Fysisk avreagering» beskriv mannen. For å beskrive kvinnen er det i staden brukt ord slik som «Betatt», «likegyldig», «Sjeleg plan», og «Forpliktende intimitet». Det blir lagt vekt på at forskjellen mellom kjønna i det at for mannen er det fysisk, mens hos kvinnene er det motsett. Det at mannens seksualiteten er fysisk blir brukt som ein grunning at utruskap hos mannen er normalt, og greitt. Når det kjem til kvinnas seksualitet blir ho framstilt som meir «Betatt». Betatt er ein følelse, så kvinnas seksualitet blir knyt saman med førelsar. Samtidig blir kvinnas førelsar sett ned på. Det blir også brukt «Som en kvinne føler det». Når det er skriven på denne måten blir kvinnas førelsar sett på som noko negativt. Eller som at det kvinnene føler ikkje er viktig. Med alt dette distanserast mannen frå kvinnen.

4. 4. 1. P-pilla – moral og utruskap

På 70-talet kom p-pilla på bana samstundes som kvinnene braut med dei gamle diskursane, begynte å arbeide, og generelt sett fekk meir friheit. Reaksjonane på dette ser vi i bladet med:

«Utruskap er en svært alminnelig skilsmissesgrunn, og den blir statig vanligere. Fremdeles er det som oftest mannen som er «synderen», men mer og mer begynner han å figuere som den «groft krenkede».

Kvinnen får ut i arbeidsliver, får nye kontakter, blir selvstendig- og frykten for å få uønskede barn
forsvant med p-pillen»⁸⁴

Det at kvinnen blir meir fri og bryt med gamle tankegangar blir sett ned på og sett på som grunnen for at kvinnene vart meir utru. Det som blir sakt her kan vere eit eksempel på dei gamle godtatte diskursane som er blitt med inn på 70 talet. Vi veit at det var eit brot med gamle idear på dette tidspunktet, og dette er eit eksempel på korleis dei aksepterte diskursane også endra seg. Vi ser ved språkbruken at kvinnen også blir sett på som den «groft krenkende» om mannen er utru. Deet vister då til at detikkje lenger akseptert for mannen å vere utru.

Det er tydeleg at dette er eit backlash mot kvinnas rettigheitar. Dette gir meining då denne tida var fylt med ambivalent. Det understrekar også det med at kvinnas nyvunnen friheit vart oppfatta so ein trussel. Då dette var at konservativ blad gir det meinig at dei var på denne sida.

Vidare ei anna blad tas p-pillen opp igjen, men her snakkar dei om korleis p-pilla påverkar moralen:

«Og det er *kvinnen* som går foran i utviklingen av de nye regler. Det er hun som har fått firget til umoral. Nåvel; ifløge den nye moral er ikkje hennes mye rettigheter umoralske.»

«Det er fastslått at p-pilla har hovudansvaret for kvinnenes nye stilling. P-pillen kalles «moralens atombombe»».⁸⁵

Kva meinast med «Den nye moralen»? Som vi veit var p-pilla ein viktig del av den seksuelle revolusjonen og hadde ein innflytelse på kvinnenes likestilling. Denne nye moralen det er

⁸⁴ Alle kvinners blad, 1970 Nr. 29 s. 27

⁸⁵ Alle kvinners blad, 1970 Nr. 28 s. 62

snakk om kan vere ein refleksjon på den nye tiden dei no er inne i der kvinner var friare seksuelt. Tidlegare i artikkelen skriv dei «Den nye moralen forklarer at minst 80 prosent av alle unge, gifte kvinner er utro». P-pilla blir brukt som ein forklaring på denne utviklinga. Det er uvist kor dei har fått denne statistikken, og den verker til ein grad usannsynleg. Det blir sakt at p-pilla har hovudansvaret for kvinnas nye stilling. Dei kallar det «moralsk atombombe». Då kvinnenes nye moglegheit for å ha sex utanfor ekteskapet utan konsekvensar bryt med diskursen om at sex kunn skal inntrefje innanfor ekteskapet. Er det naturleg at dei ikkje ser på den nye stillinga til kvinnene i eit godt lys. Det er tydeleg at dei er misfornøgd med denne broten med den dominante diskursen.

5. Diskusjon

5. 1 Fortolking av funn

I teoridelen såg vi at det den seksuelle revolusjonen førte til at ein i større grad snakka rundt sex, då det vart mindre tabu langt. I blada ser vi den same trenda. Med denne analysen kan vi ikkje sei noko om korleis eller kva som starta den seksuelle revolusjonen, men vi kan påpeike ringverkingane revolusjonen hadde.

Konteksten til blada er at blada frå 50-talet er frå før den seksuelle revolusjon, mens dei frå 70-talet er frå etter/under. Vi har no sett spora som den seksuelle revolusjonen satt i samfunnet og korleis det kom til uttrykk i blad slik som dette. Vi har sett at sjølv etter den seksuelle revolusjonen stod diskursen med at sex kunn skulle skje i gifte rammar sterkt, men at den vart utfordra. Gamle diskursar forsvinn ikkje nødvendig når det kjem nye. I tillegg er det bitt tatt fram eksempel på at 70-talet er ein tid der det var mye ambivalent då dette var ei tid med bryting mellom gamle og nye diskursar. Sarromaa tar opp korleis kvinneblad fungera innafor eit kjønnssystem. Endringane i dette kjønnssystemet førar til endring i diskursen.⁸⁶ Det har blitt vist korleis kva kvinna hadde ansvar for endra seg og at dei på 70-talet ikkje lenger hadde det fulle ansvaret for samlivet i ekteskapet, og at dei ikkje lenger trengte å godta om mannen var utru.

Når det er snakk om desse artiklane frå 50-talet om utruskap og kvinnas tilfredsstilling er det viktig å ha i bakhovudet at desse artiklane vart skriven av ein mann, og at det er same individ

⁸⁶ Sarromaa, 2009, s.42

som har skreve alle artiklane. Sindig utøver derfor også diskursiv makt over kvinnene, noko han kunne gjer som man på denne tida. Vi ser derimot ein større variasjon frå 70-talet då fleire av artiklane er skreve av kvinner. Då det er mannen som har makta over diskursen spesielt på 50-talet. Derfor er det ikkje unaturleg at artiklane er skriven av ein mann. Gifte kvinner skulle tross alt ikkje vere i arbeid på dette tidspunktet då det var dette presset for å gå tilbake til tradisjonelle rollar som vart nemnt tidlegare.

Det eksisterte ein akseptert diskurs der kvinna måtte tolerere om mannen var utru, likevel var det samstundes ikkje akseptert for dei å vere utru. Kvinna vart sett på som ein motsetning til mannen. Så nårmannens seksualiteten er fysisk, er kvinnas det motsette, den var sett på som sjælig. Denne grunninga var støtta opp med biologien. Dette gjorde at det var akseptert at ein mann var utru, då det ikkje nødvendigvis var følelesmessig infisert. Ein kvinne derimot måtte vere det dersom ho var utru. Dette gjorde akta verre for kvinna. Dette forklarast med at den diskursive makta ligg hos mannen. Vi ser dette for eksempel i korleis det blir snakka rundt p-pilla og kvinnas nye friheit, og korleis det blir brukt som ein grunning for at kvinnene no er meir utru. Samstundes, når det kom til utruskap var det ikkje lengre slik at kvinna skulle akseptere det dersom mannen var utru. Diskursen om at det var ok form menn å vere utru forvant, og vart erstatta med ein diskurs der det ikkje var akseptert for nokon å vere utru. Likevel, som vi har sett fekk kvinnenes tilgang på p-piller, og generelt deira nye fridom skylda for «dårleg moral». Den gamle diskursen er då til ein viss grad framleis inne, men i staden for at ein kan skynde på kvinna direkte kunn fordi ho er kvinne, må ein no skynde på ein tredje årsak.

Kven bestemte diskursane? Dei bestemmast av dei med diskursiv makt. I stor grad er det menn i samfunnet som har hatt den diskursive makta, men også kyrka satt rammer for diskursen. Eit eksempel på dette er det at sex kunn skulle skje innanfor ekteskapet. Både kyrka og menn mista noko av den diskursive makta si med den seksuelle revolusjonen, men dei hadde framleis ein god del makt over diskursen då det er maktrelasjonane som bestemmer den, og dei framleis hadde makta i samfunnet. I tillegg til dette var det også makt hos redaktøren. Artiklane i blada har gått igjennom ein prosess der dei har blitt godkjent for trykk etter kva som er ok å sei når det kjem til diskursen, men også kva ein trur lesaren vil sjå. Då dei ikkje vil lese ting som er totalt utanfor deira eigen diskurs. I tillegg var dette eit konservativt blad der dei gamle diskursane kan ha vert meir framståande i forhold til andre blad, eller i samfunnet generelt.

Ved å ta i bruk metodane som er brukt i denne oppgåva her gjer det at vi har fått ein oversikt over kva endringar det var i diskursen frå 50-talet til 70-talet, samt den kulturelle endinga som forgjekk i perioden. Ein kunne ha antatt at dei gamle diskursane ville ha forsvunne på 70-talet i lys av den utviklinga som var. Men dette ser vi ikkje er tilfellet. Sjølv om dei gamle diskursane er utfordra, er dei framleis ikkje borte. Vi framleis tendensar av dei gamle diskursane frå 50-talet i dag. Denne analysen understrekar dermed det tidlegare forsking allereie har konkludert. Vi har sett at ein får dette skifte frå privat til offentleg og politisk som inntil fleire har påpeika. Likevel er det problematisk å trekke ein vidstrakt slutning om dei kulturelle forandringane i perioden, slik som Sarromaa konkludera i sin artikkel.

6. Konklusjon

Blada følgde trendane i samfunnet, hovudtrenden i blada gjennom desse 20 åra er at sex kunn skal skje innanfor gifte rammar. Dette er då den dominante diskursen. Ved at 50-talets gitte diskursen var at kvinna skulle vere i heimen, ho skulle tilfredsstille mannen, og sex var ikkje noko som skulle snakkast om. På 70-talet derimot, var skilsmisse i større grad normalisert, sex var no noko ein kunne snakke opent om, og det var ikkje lenger kvinnas ansvar å tilfredsstille mannen. Dette understrekast ytterlegare ved bruk av ord slik som «samleie» og «seksuelt samliv». Begge er uttrykk for noko som skjer saman. Sjølv om vi ser at skilsmisse blir meir akseptert på 70-talet, blir det understreka med bruken av ordet «husmor» at det kunn er gifte kvinner som skal ha sex vidare legitimera diskursen.

I analysen blir det tatt fram spesifikke eksemplar for å belyse dei diskursive trendane vi ser på 50- og på 70-talet. Mellom desse to tidsperiodane er det ein merkbar endring, samstundes er den ikkje stor. Då nokon av dei dominante diskursane frå 50-talet var framleis fråtreande på 70-talet. Til tross for dette såg vi nye diskursar komme fram inn i blant dei gamle. Dette gjorde at 70-talet var ein brytingstid med mye ambivalent. Både språk og samfunn er alltid i utvikling, dette gjelder også diskursane. På 70-talet kjem nye ord, slik som orgasme, i bruk og uttrykk slik som tilfredsstilla får ein ny kontekst. Samstundes endrar diskursen rundt utruskap seg. Der var no ikkje akseptert for mannen å vere utru på same måte som det hadde på 50-talet.

Bruken av diskursanalyse og komparativ metode har gjort det mogleg å ta frem trendane, og observere endringane. Kva kan vi då lære frå desse ytringane? Vi kan sjå at det var ein endring i kjønnssystemet og at dei dominante diskursane skiftar, desse endringane reflektera endringane i maktstrukturane. Det er framleis menn som har den diskursive makta på 70-talet,

men ikkje i like stor grad som på 50-talet. Då etter den andre bølgene med feminism og den seksuelle revolusjonen vart kjønna i større grad likestilt. Kvinner fekk meir fridom, og menn kunne ikkje i like stor grad kunne fortelje kvinnene korleis dei skulle vere og oppføre seg. Det blir klart at kvinnene ikkje lenger hadde alt ansvaret i giftarmålet, som igjen gjorde at utruskap vart mindre akseptert for mannen.

Denne typen forsking er nyttig for å sjå på samfunnsstrukturane på eit gitt tidspunkt og gjere reie for endringane som førekomm. Analysen av bladet frå ulike tiår viser tydeleg korleis diskursane rundt seksualitet har endra seg over tid og understrekar betydninga av kulturelle og sosiale faktorar som i forma av samfunnets syn på seksualitet.

7. Kjeldeliste

Alle kvinners blad (1950) (Vol. 12 Nr. 47/48). Gyldendal

Alle kvinners blad (1951) (Vol. 13 Nr. 17/18). Gyldendal

Alle kvinners blad (1954) (Vol. 16 Nr. 11). Gyldendal

Alle kvinners blad (1954) (Vol. 16 Nr. 15). Gyldendal

Alle kvinners blad (1970) (Nr. 27). Gyldendal

Alle kvinners blad (1970) (Nr. 46). Gyldendal

Alle kvinners blad (1970) (Nr. 29). Gyldendal

Alle kvinners blad (1970) (Nr. 28). Gyldendal

Andrews, M. (2012) *From Austerity to Consumer Wonderland: Post-war Domesticities', in*

Domesticating the Airwaves: Broadcasting, Domesticity and Femininity. Bloomsbury Publishing.

https://ntnu.blackboard.com/webapps/blackboard/execute/content/file?cmd=view&content_id=2012791_1&course_id=34381_1&launch_in_new=true

Blom, I. (2007). Brudd og kontinuitet. Fra 1950 mot århundreskiftet. I I. Blom & S. Sogner

(Red.) *Med kjønnsperspektiv på norsk historie* (utg. 2 s. 333-456). Cappelen akademisk forlag.

Danielsen, H., Eirinn, L., Owesen, I. W., (2015). *Norsk likestillingshistorie*. Fagbokforlaget.

De Beauvar, S. (1949) *The Second Sex*. Lowe and Brydone

Ericsson, K. (1997). *Kontrollen av jenter på femtitallet*. Pax forlaget.

Herzog, D. (2011). *Sexuality in Europe: A twentieth-Century History*. (2. Utg). Cambridge.

- Kilden (2012, 8. oktober). *Hverdagsvoldtekten*. Kilden.
- Korsvik, R.T. (2018). *Sex, vold og feminisme hvordan voldtekst og porno ble politisk på 1970-tallet* (1. Utg). Cappelen Damm akademisk
- Melby, K. (2007). Husmorstid 1900-1950. I I. Blom & S. Sogner (Red.) *Med kjønnsperspektiv på norsk historie* (utg. 2 s. 225-330). Cappelen akademisk forlag
- NDLA (2020, 15. desember). *Fjernsynene inntar stuene på 1960-tallet*. NDLA.
- Neple, A. Lindtner, S., S. (2020). 'Jeg er trett – trett – trett' *Alle kvinnens blad* og kritikken av «husmorsparadiset» på 1950-talet. *Tidsskriftet sakprosa* (12/3) ‘
file:///C:/Users/Bruker/OneDrive/Dokumenter/Semester%206/Fordypningsoppgave/fr_kmp2,+Layout_Neple_Lindtner.pdf
- Nordberg, K. H. (2013) *Ansvarlig seksualitet Seksualundervisning i Norge 1935-1985*
Universitet i Oslo.
- Resenbeck, B. (1987). Kvindekøn: *Den moderne kvindeligheds historie 1880-1980*.
Gyldendal.
- Sarromaa, S. (2009). Kjønnsdiskurser i endring – om Det Nye spørrespalte 1957, 1968 og
1977. *Tidsskrift for ungdomsforskning* 9(1): 41-64
- Store norske leksikon (2005-2007): *Alle Kvinnens Blad* i Store norske leksikon på snl.no.
Hentet 21. mars 2024 fra https://snl.no/Alle_Kvinnens_Blad
<https://ndla.no/nb/subject:1:058bdbdb-aa5a-4a29-88fb-45e664999417/topic:1:002dbe01-f81e-4027-a7fb-b75f4f058bb4/topic:1:23064a27-6653-4f4e-a01b-682ea96d55ae/resource:1:75683>

[file:///C:/Users/Bruker/OneDrive/Dokumenter/Semester%206/Fordypningsoppgave/yberlord,+%7B\\$userGroup%7D,+kj%C3%B8nnssdiskurser%20\(3\).pdf](file:///C:/Users/Bruker/OneDrive/Dokumenter/Semester%206/Fordypningsoppgave/yberlord,+%7B$userGroup%7D,+kj%C3%B8nnssdiskurser%20(3).pdf)

- Ullberg, H., P. (2007). Diskursanalyse: Et mulig bidrag til utdanningshistorisk forsking. *Norsk senter for barneforskning* (vol 25/ 1) 65-80

